



*Hardanger / Voss kompetanseregion*  
*Vurderingsgruppa*

# **VURDERINGSRAPPORT**

## **SKARE SKULE**



**Tema: "Vurdering for læring, m/fokus på tilbakemelding og oppfølging av elevane".**

**Skare skule 5763 Skare**  
**rektor: Nils Rullestad**  
**e-post: [skare.skule@odda.kommune.no](mailto:skare.skule@odda.kommune.no)**



## **Innholdsliste:**

1. Eit framtidretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!
2. Fakta om skulen/vurderingstema
3. Vurdering
4. Glansbilde
5. Sterke sider
6. Utviklingsområde
7. Vidare arbeid

### Vedlegg:

1. Deltakarar i vurderinga
2. Tidsplan
3. Metodar
4. Tomme malar som har vorte brukt i vurderinga



## 1 - Eit framtidsretta vedtak i Hardanger/Voss regionen!

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet. Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering.

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss vedtok difor i år 2000 å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Dette har i ettertid synt seg å vera eit svært så framtidsretta vedtak. Det vart utarbeidd ein modell for ekstern vurdering i regionen, og denne modellen har synt seg svært levedyktig og har spreidd seg til over 100 kommunar rundt om i heile landet.

Etter at me starta med ekstern vurdering for å betra kvaliteten i skulen, har det kome fleire meldingar frå sentrale styresmakter som understrekar kor viktig det er å ha system som etterspør og sikrar kvalitet i opplæringa, mellom anna i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses frå 1. klasse".

Vidare kom St.meld. nr. 30. (2003-2004) "Kultur for læring", som var forløparen til ny læreplan, "Kunnskapsløftet" (2006).

Det synte seg då at Hardanger/Voss modellen var kjend heilt inn i Utdanningsdirektoratet, dei ville nytta vurderingsmodellen vår på skular rundt om i landet. Fleire av vurderarane i regionen har vore med i dette arbeidet, og vurdert store og små skular rundt om i heile landet, også vidaregåande skular.

Barnehagane i regionen vert også vurderte etter same modellen, der er det førskulelærarar som er vurderarar. Fleire regionar/kommunar ønskjer no opplæring i barnehagemodellen, noko Utdanningsdirektoratet støttar økonomisk.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd



### **Kven er vurderar?**

12/14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdera dei 38 grunnskulane i regionen i løpet av 3 år, dvs. 12 skular pr år. To frå gruppa gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

### **Kva gjer vurderarane?**

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen.
- Vurderarane nyttar verktøy utvikla av Utdanningsdirektoratet, "Ståstedsanalysen" og "Elevundersøkelsen".
- Vurderarane førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av glansbilde, det vil sei kriterium på kvalitet og teikn på god praksis, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

### **Rapporten**

På bakgrunn av dokumentanalyse, intervju med elevar og lærarar, møte med foreldre og observasjon på skulen skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utviklingsområde skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men er eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med og utvikla til det betre på skulen

Det har synt seg at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta i den eksterne vurderingsprosessen, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.

### **Skulevurdering**





## 2 - Fakta om skulen og val av vurderingstema

Skare barneskule er ein 4-delt barneskule i Odda kommune i Hordaland fylke. Skulen ligg i Skare, 16 km frå kommunesenteret Odda.

Skuleåret 2010-2011 har skulen 53 elevar.

Årstrinn	Tal på elevar	Kontaktlærer
1.klasse	9	Tove Andresen
2.klasse	6	Annbjørg Oppedal Næsheim
3.klasse	5	Åshild Viskjer Eide
4.klasse	7	Torlaug Skare Thygesen
5.klasse	12	Britha Sandal
6.klasse	8	Pål Kristian Kaupang
7.klasse	6	Pål Kristian Kaupang

Rektor er Nils Rullestad.

Andre er to assistentar og ein sekretær

### Opningstider ved Skare barneskule

Skuletimane for elevane ligg mellom kl. 0850 og kl. 14.25.

Fredagar er alle ferdige kl. 13.25

**SFO:** kl. 0645 – 0850 og frå skuleslutt til kl. 15.45



Vurdering er satsingsområde i Odda kommune. Kommunen har eit samarbeidsprosjekt med Høgskulen i Lillehammer på dette temaet.

Skulen valde tema ut frå dette og fordi dei hadde lyst til å bli flinkare på tilbagemeldingar og framovermeldingar til elevane.

Skulen har ikkje verksemdplan, men har eit styringskort med fokusområde som dei arbeider etter.



### 3 – Vurdering



### 4 - Glansbilde

*Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.*

*Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram. Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av skulen.*





**Tema: "Vurdering for læring, m/fokus på tilbakemelding og oppfølging av elevane".**

<b>KRITERIUM</b>	<b>TEIKN PÅ GOD KVALITET</b>
<b>Vurderinga stimulerer elevane til læring og utvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• eleven forstår læringsmåla og kva som er forventa av han/henne</li><li>• eleven får tilbakemelding på kva han/ho får til</li><li>• eleven får framovermelding om kva han/ho kan/bør jobbe vidare med</li><li>• eleven er aktivt med i vurderinga av eige arbeid</li><li>• vurderinga er ein reiskap i den tilpassa opplæringa</li></ul>
<b>Vurderinga skapar målretta dialog mellom heim og skule</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• foreldre/føresette kjenner læringsmåla</li><li>• foreldre/føresette veit kva som skal vurderast</li><li>• foreldre/føresette deltek i deler av vurderinga</li><li>• skulen informerer føresette om vurderingspraksisen ved skulen</li></ul>
<b>Personalet har felles system og rutinar for vurdering</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• skulen har system og rutinar for kartlegging av resultat</li><li>• skulen har system og rutinar for jamleg tilbakemelding til elevane</li><li>• skulen har system og rutinar for oppfølging av måloppnåing</li><li>• skulen informerer elevar og føresette om vurderingspraksisen på skulen</li><li>• det vert gjennomført elevsamtalar, fagsamtalar og utviklingssamtalar</li></ul>
<b>Skulen er ein lærande organisasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• skulen har sett av tid til arbeid med vurdering</li><li>• skulen har sett av tid til kunnskapsdeling og metodedrøfting</li><li>• skulen vurderer jamleg verksemda si</li><li>• der er god kommunikasjon og informasjon mellom leiing og tilsette</li></ul>



## 5 - Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet



### **Kriterium: Vurderinga stimulerar elevane til læring og utvikling**

- **Eleven forstår læringsmåla og kva som er forventa av han/henne**

I forskrift til opplæringslova står det at elevane skal vere kjende med måla for opplæringa. Det vil seie både kompetansemål og dei måla skulane har utvikla sjølv. Dokumentanalysen syner at alle klassane har vekeplan med læringsmål hovudsakleg i basisfaga. Elevane blir gjort kjende med desse både gjennom vekeplanen og i starten av veka. Enkelte lærarar repeterer læringsmåla undervegs, for å sikre seg at elevane veit kva dei skal lære.

- **eleven får tilbakemelding på kva han får til**
- **eleven får framovermelding om kva dei kan/bør jobbe vidare med**

I samtale med elevar og tilsette kjem det fram at elevane får tilbakemelding på eige arbeid i timane og på dei ulike prøvane dei har. Kvar veke har dei fleste klassane prøvar i engelske gloser og norsk diktat. Elevane har og kapittelprøvar i matematikk, og innimellom har dei temaquis eller kapittelquis som skal sjekke måloppnåinga til eleven. Etter prøvane får elevane vite kva dei må jobbe meir med. Elevane får og tilbakemelding 2 gonger i året gjennom elev- og foreldresamtalen. Her blir det i tillegg gjort avtale om kva eleven skal arbeide særskild med i neste periode.



- **elevane er aktivt med i vurderinga av eige arbeid**
- **vurderinga er ein reiskap i den tilpassa opplæringa**

Alle vekeplanane har skjema for eigenvurdering av måloppnåing som elevane fyller ut kvar veke. I enkelte tema er også elevane med på å lage egne vurderingskriterium for det temaet dei skal jobbe med. På den måten deltar elevane aktivt i vurderingsarbeidet og i planlegginga av kva dei skal lære. Ein slik praksis sikrar at elevane får eigarskap til vurderingskriterium og eiga læring.

Sjølv om forskrifta ikkje krev at ein skal utvikle kriterium eller kjenneteikn til alt som blir gjort i opplæringa, skal elevane likevel kjenne til kva det blir lagt vekt på i vurderinga. Elevar som er aktivt med i vurderingsprosessar vil bli betre til å reflektere over eiga læring og identifisere kvar dei er i sin eigen læringsprosess.

*“ Ved å vurdere seg selv får elevene mulighet til å sammenligne eget produkt med kriterier som er satt på forhånd. De kan forstå bedre om de bør endre strategi eller øve mer på det de allerede jobber med. “*  
<http://www.skolenettet.no/Moduler/Vurdering/Templates/Pages/SectionPage.aspx?id=64653&epslanguage=NO>

## **Kriterium: Vurderinga skapar målretta dialog mellom heim og skule**

- **foreldre/føresette kjenner læringsmåla**
- **foreldre/føresette veit kva som skal vurderast**
- **foreldre/føresette deltek i deler av vurderinga**

Foreldra vert kjend med læringsmål gjennom vekeplane og årsplanane. Kvar veke skal elevane gjennomføre eigenvurdering på oppsette læringsmål heime saman med foreldra. På den måten gir ein foreldra høve til å delta aktivt i elevvurderinga og måloppnåinga. I samtale med foreldra kom det fram at dei var fornøgd med denne måten å gjere det på. Skulen er også flink til å sende heim prøvar til underskrift. Dette gir foreldra innsikt i læringsutviklinga til den enkelte elev. På foreldresamtalen gjer foreldre, elev og lærar saman avtale om eit utviklingsområde som skal ha særskild fokus i kommande periode.



## **Kriterium: Personalet har felles system og rutinar for vurdering**

- skulen har system og rutinar for kartlegging av resultat
- skulen har system og rutinar for jamleg tilbakemelding til elevane

Skulen har eit eige kartleggingssystem som er implementert i årshjulet til kvart trinn. Lærarane seier at dei aktivt brukar resultata frå kartleggingsprøvene og dei nasjonale prøvene for å tilpasse undervisninga. Dei seier også at dei er blitt einige om korleis dei skal førebu og gjennomføre etterarbeid i samband med kartleggingssystemet. Elevane seier sjølv at dei får informasjon om kompetanse og dugleik på denne måten. Særleg dei nasjonale prøvene blir framheva hos elevane.

## **Kriterium: Skulen er ein lærande organisasjon**

- skulen har sett av tid til arbeid med vurdering
- skulen har sett av tid til kunnskapsdeling og metodedrøfting

Odda kommune har vurdering som satsingsområde. Kommunen har inngått eit samarbeid med høgskulen på Lillehammer på dette temaet. Dei tilsette seier at dei brukar både planleggingsdagar og skulefellestid til å arbeide med vurdering. I tillegg kjem det fram at lærarane har tid innanfor skulefellestid til kunnskapsdeling og metodedrøfting. Dei seier også at skulemiljøet er slik at det gir rom for å spørje kvarandre om råd og at dei er flinke til å dele kunnskap og erfaringar med kvarandre.

- skulen vurderer jamleg verksemda si

Skulen gjennomfører elev- og foreldreundersøking. I tillegg evaluerer dei styringskortet kvart år. Dei brukar ståstadsanalysen som eit reiskap i skuleutviklinga.



- **der er god kommunikasjon og informasjon mellom leiing og tilsette**

Personalet seier at kommunikasjonen mellom tilsette og leiing er svært bra. "Døra til Nils står alltid ope. Han ser oss!" Det vert framheva at rektor er tilstade i skulekvardagen, og at han er ein svært engasjert og god leiar både pedagogisk, fagleg og praktisk. Rektor på si side påpeikar at han har eit positiv personale med vilje til endring. Alle partar framhevar at skulen har eit svært godt arbeidsmiljø. Dette er også eit inntrykk som foreldra gir uttrykk for.



## 6 - Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet



### **Kriterium: Vurderinga stimulerar elevane til læring og utvikling**

- **Eleven forstår læringsmåla og kva som er forventa av han/henne**

Dokumentanalysen og samtalanane med både tilsette, elevar og foreldre syner at skulen har ein jobb å gjere med å lage tydelege læringsmål i alle fag. Sjølv om vekeplanane har læringsmål i faga norsk, engelsk og matematikk, er det viktig at all undervisning har klare mål, slik at elevane veit kva dei skal lære og ikkje berre gjere.

Både i observasjon og i samtale med elevar og tilsette, kjem det fram at det er ein ulik praksis på skulen i kor mykje fokus læringsmåla har i den enkelte timen.

Det er viktig å presisera for elevane kva formålet med timen er. Å ha fokus på læring og læringsmålet, gjer eleven budd på kva han skal lære. Ein måte å gjera dette på, kan vera å gjera læringsmåla meir synlege i klasseromma og repetera læringsmålet for kvar time.

Elevane gav klart uttrykk for at dei lærer best når dei veit kva dei skal lære, og ved at timane blir avslutta med ei oppsummering av kva dei har lært.



- eleven får tilbakemelding på kva han får til
- elevane er aktivt med i vurderinga av eige arbeid

### § 3-12. Eigenvurdering

*Eigenvurderinga til eleven, lærlingen og lærekandidaten er ein del av undervegsvurderinga. Eleven, lærlingen og lærekandidaten skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling, jf. opplæringslova § 2-3 og § 3-4.*

Kvar veke gjennomfører elevane ei eigenvurdering på vekeplanen. Dei vurderer si eiga måloppnåing i forhold til oppsette læringsmål. Denne vurderinga blir følgt opp ulikt. Nokre går gjennom eigenvurderinga med kvar enkelt elev, medan andre arkiverer desse til seinare bruk. Ein del elevar og foreldre saknar tilbakemelding på den eigenvurderinga som blir gjort. Det er viktig at skulen einast om ein felles praksis på dette. Skulen må ta på alvor og aktivt bruke eigenvurderinga som eit ledd i det vidare læringsarbeidet til eleven. Dette vil vere eit godt tiltak for å systematisere og dokumentere undervegsvurdering, samstundes som det er eit viktig reiskap i den tilpassa undervisninga.

- eleven får framovermelding om kva dei kan/bør jobbe vidare med

### § 3-11. Undervegsvurdering

**Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven, lærlingen og lærekandidaten aukar kompetansen sin i fag, jf. § 3-2. Undervegsvurderinga skal gis løpande og systematisk og kan vere både munnleg og skriftleg.**

*Undervegsvurderinga skal innehalde **grunnleggjande informasjon** om kompetansen til eleven, lærlingen og lærekandidaten og skal givast som meldingar med sikte på **fagleg utvikling**.*

**Læraren skal vurdere om eleven har tilfredsstillande utbytte av opplæringa, jf. opplæringslova § 5-1 og § 5-4.**

Skulen har valt vurdering som tema, der særleg framovermelding er eit område dei ynskjer å utvikle. Tilsette seier sjølv at det er vanskeleg å gje framovermeldingar. Foreldre saknar meir tydelege framovermeldingar oftare enn 2 gonger i året. Dei seier også at det er ulik praksis på skulen om kva for vurderingar som blir gitt. Vidare påpeikar dei at tilbakemeldingar i stor grad handlar om kva eleven har gjort feil, og sjeldnare om korleis eleven skal jobbe vidare for å utvikle seg.



Fortløpande undervegsvurdering er eit ledd i framovermeldinga. Eigenvurdering, tydelege læringsmål og læraren si vurdering av måloppnåing er viktige for å fremje utvikling og læring. Skulen har allereie eit system på vekeplanane der læringsmåla og eigenvurderinga har ein plass, og er såleis eit godt utgangspunkt for vidare utvikling.

For å kunne gje god framovermelding bør skulen diskutere om det kan vere hensiktsmessig å innføre tverrfaglege veketestar/målprøvar, som testar måloppnåinga for veka. Slike prøvar vil kunne gjere det lettare for læraren å tilpasse undervisninga og det er ein god dokumentasjon på undervegsvurdering og måloppnåing. Det vil og vere ei klargjering for eleven på kva han har lært og kva han må arbeide meir med.

Forsking viser at faglege og relevante tilbakemeldingar som peikar framover, er viktige for elevane si læring. Viktige spørsmål å stille i høve til å gje framovermeldingar er:

- kvar er eg i læringsprosessen?
- kva er neste steg?

### **- vurderinga er ein reiskap i den tilpassa opplæringa**

#### **Opplæringslova § 1-3. Tilpassa opplæring**

*"Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen og lære kandidaten. "*

Denne retten er basert på ideen om ei inkluderande og integrerande opplæring, som tar sikte på å utvikle eleven både fagleg og sosialt ut frå den enkelte sine evner og føresetnader.

St.meld.31 seier blant anna om vurdering: *"All undervegsvurdering skal gi grunnlag for å tilpasse opplæringa slik at elevane på best mulig måte kan utvikle kompetansen sin vidare."*

*"Arbeidet med fagene vil på ulike måter bidra til at elevane blir kjent med egne evner, talenter og læreforutsetningar. Tilpasset opplæring realiseres ved at læringsmiljøet øker elevenes muligheter for medvirkning og evner til å ta bevisste valg."*

Vekeplanane viser lite differensiering av fagstoff, oppgåver og undervisning. Samtalane bekrefta dette. Vurdering for læring handlar om å bruke vurdering som verkty nettopp for å fremje læring og å tilpasse undervisninga. Ved tilpassa undervisning gir ein elevane høve til å velje oppgåver i tråd med eige faglege nivå.

Det er også viktig å understreke at tilpassa undervisning ikkje inneber å gje meir av det dei allereie kan/ikkje kan, men å finne oppgåver og fagstoff som gir utfordringar i tråd med eleven sine evner, føresetnader og utvikling.



## Kriterium: Vurderinga skapar målretta dialog mellom skule og heim

### - foreldre/føresette deltek i delar av vurderinga

Gjennom eleven si eigenvurdering deltek foreldra aktivt i vurderinga. I samtale med foreldra kom det fram dei sakna tilbakemelding frå skulen om eleven faktisk har nådd læringsmålet. I den samanheng kan skulen drøfte om eksisterande praksis med eigenvurdering kan vidareførast i kombinasjon med til dømes målprøve og tilbakemelding på desse.

Foreldre seier også at dei har brukt kommentarfeltet på vekeplanen, utan at dei får tilbakemeldingar. Viss ein skal ta skule heim samarbeid på alvor, er det viktig at skulen føl opp på dei områda dei inviterer foreldre til dialog, samarbeid og innspel. Foreldra opplever ulik praksis, og skulen bør vurdere å samordne denne.

## Kriterium: Personalet har felles system og rutinar for vurdering

### - det vert gjennomført elevsamtalar, fagsamtalar og utviklingssamtalar

#### **§ 3-13.** Halvårsvurdering i fag for elevar (nytt frå 1.8.09)

*Halvårsvurdering i fag er ein del av undervegsvurderinga og skal syne **kompetansen til eleven i forhold til kompetansemåla** i læreplanverket. Ho skal også **gj rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget.***

*Det skal bli gitt halvårsvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa.*

Skulen seier at det vert arbeidd kommunalt med eit felles system for vurdering. Mellom anna skal det utarbeidast felles skjema for elev- og foreldresamtalen og for halvtårsvurderinga for fag. I dag nyttar ikkje skulen skjema der elevane får høve til å førebu seg til elevsamtalen. I tillegg har lærarane ulik praksis for halvtårsvurdering, både innhaldsmessig og korleis dei dokumenterer og arkiverer denne.

Om det kommunale arbeidet med felles skjema tar tid, bør skulen vurdere gode midlertidige løysingar som gir eleven høve til å førebu seg til elevsamtalen.

I samtale med foreldra, kom det fram at 20 minuttar er kort tid, når ein skal gå gjennom alle faga og den sosiale utviklinga til eleven gjennom eit halvt år. Vidare seier dei at foreldresamtalane kjem noko seint haust og vår. Dei foreslår at samtalane kjem i oktober og mars.

Skulen må vurdere tidspunkt, tidsbruk og innhald i foreldresamtalen.



## 7 - Vidare arbeid

Kommentar til vurderingsveka ved Skare barneskule

Det er alltid spennande å bli vurderte av "auger" utanfrå, og eg vil takka vurderarane for den jobben dei har gjort. Me har sett fram til denne veka med spenning, for me veit at desse personane utanfrå ser ting som ikkje er så lette å få auga på for oss som jobbar her til dagleg, og håpet er at me kan utvikla oss til å bli endå betre etter denne eksterne vurderinga.

Det har vore mange positive tilbakemeldingar, og det er sjølvsagt kjekt å høyra at folk utanfrå også meiner at me gjer mykje bra. Men det vil alltid vera ting me må bli flinkare til, og vurderarane har peika på område me må jobba med i framtida. Difor set me oss nå ned og lagar ein plan for vidare arbeid, og dermed er utviklingsarbeidet i gong.

Atter ein gong takk for ei givande veke!

Vennleg helsing

Nils Rullestad  
- rektor -

*6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.*

Skare, 17.03.2011

Laila Sægrov

Tove Haugen



## Vedlegg 1

Deltakarar i vurderinga:

Interne: Elevar, tilsette og foreldre /føresette

Eksterne: Tove Haugen og Laila Sægrov frå Hardanger /Voss kompetanseregion

Grunngjeving for val av informantar:

Når temaet "Elevvurdering" skal handsamast, er det viktig å involvera alle partane det gjeld. Alle må få koma med innspel som kan vera med på ei positiv

utvikling av den prosessen skulen er i. Det temaet skulen har valt, krev at skule

og heim samarbeider og dreg i same retning.

Alle foreldre/føresette var inviterte til foreldremøte

## Vedlegg 2

### TIDSPLAN FOR VURDERING AV SKARE BARNESKULE våren 2011

Vurderingstema: **"Vurdering for læring, m/fokus på tilbakemelding og oppfølging av elevane".**

Vurderarar: Tove Haugen og Laila Sægrov

Tid	Aktivitet	Ansvar
Veke 2	Kontakt med skulen. Avtale veke for vurdering. Veke 11 er avtalt!	Vurderarane
Veke 2-5	Skulen informerer tilsette om vurderinga. Skulen gjennomfører vel tema for vurdering. Skulen oversender relevant informasjon og dokumentasjon til vurderarane i høve tema for vurdering.	Rektor
Veke 5-8	Forslag til kriterium/teikn på god praksis (glansbilete) vert sendt skulen. Skulen går gjennom kriterium/glansbiletet og sender attende til vurderarane – eventuelle justeringar. Skulen lagar ein tidsplan for vurderingsveka: observasjon, samtale/intervju osv.	Vurderarane Rektor
Veke 7	Formøte med skulen. Rektor og tilsette møter vurderarane. Avklarande spørsmål, og gjennomgang av glansbilete.	Rektor Vurderarane
Veke 9-10	Endeleg glansbilete må vere klart Utarbeiding av samtaleguidar for elevar og tilsette. Planlegging av møte med foreldre/føresette	Vurderarane



<b>Veke 10</b>	<b>Hugs å kalle inn foreldre/føresette til møtet!</b>	<b>Rektor</b>
<b>Veke 11</b>	<b>Vurderingsveka</b>	
	<b>Søndag</b> <b>Planlegging av vurderingsarbeidet</b>	<b>Vurderarane</b>
	<b>Måndag.</b> <b>Før skulestart: Møte med lærarane/tilsette</b> <b>- Møte med rektor.</b> <b>Samtale med elevane:</b> <b>0900-0930: 6. og 7. kl, 4 elevar</b> <b>0945 -1015: 4. og 5. klasse, 4 elevar</b> <b>1030 -1100: 2. og 3. klasse, 4 elevar</b> <b>1200 -1230: 1. klasse, 4 elevar</b> <b>1300 -1500: - Samtale/intervju med tilsette</b> <b>KI 2000: Foreldremøte</b>	<b>Rektor</b> <b>Vurderarane</b> <b>Vurderarane</b>
	<b>Tysdag.</b> <b>- Observasjon</b> <b>- 1300-1400: Samtale/intervju med tilsette</b> <b>- Møte med rektor.</b>	<b>Vurderarane</b> <b>Vurderarane</b> <b>Rektor</b>
	<b>Onsdag.</b> <b>- Arbeid med rapport</b>	<b>Vurderarane</b>
	<b>Torsdag.</b> <b>- Arbeid med rapport</b> <b>- Møte med rektor ca. 1 time før framlegging av rapport</b> <b>- Framlegging av rapport</b> <b>- Vurderarane reiser heim!</b>	<b>Vurderarane</b> <b>Rektor</b> <b>Vurderarane</b>



## Vedlegg 3

### Metodar

*For å sikra god forankring og at alle røyster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.*

*For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.*

*Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:*

#### Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga.

#### Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06, Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

#### Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderarane ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar og pedagogar, og returnert til vurderarane for oppsummering.

#### Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

#### Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

#### Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nositasjon og for vidare arbeid.



Observasjon

Dette såg me:

Elevar var deltakande i utarbeiding av vurderingskriterium.

Det var gode samtalar mellom elevar og lærar, der elevane fekk vist kva dei kunne og realterte det til ny kunnskap.

Klasseromma ber preg av orden, læring og læringsaktivitet. Det hadde vore plass til utstilling av meir elevarbeid.

Elevar som var aktive og arbeida flittig og godt anten i arbeidsbøkene sine, eller med prosjektarbeid.

God samhandling mellom elev og lærar. Alle klassane bar preg av tillit, tryggleik, varme og omsorg.

Eit godt tilrettelagt utemiljø i flotte omgjevnader med aktive elevar i aldersblanding.

Me fekk oppleve ei fantastisk morgonsamling for heile skulen. 5.klasse leda og underheldt med mellom anna song, dikt, og film på ein framifrå måte. Me vart imponert ! Fleire foreldre og besteforeldre var blant publikum.



## Vedlegg 4- Samtaleguidar

### Dette sa foreldra

<b>Vurderinga stimulerer elevane til læring og utvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis kjenner foreldre og elevar læringsmåla? -</li></ul>
<b>Vurderinga skapar målretta dialog mellom skule og heim</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Er tilbakemeldingane frå lærar slik at de kan sjå kva eleven skal gjera for å verta betre -</li></ul>
<b>Personalet har felles rutinar/system for vurdering</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kva informasjon får de om korleis skulen vurderer elevane si læring? -</li></ul>
<b>Skulen er ein lærande organisasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Kva er positivt ved Skare skule -</li> <li>• Kva kan skulen bli betre på -</li> <li>• Kva kan foreldra bli betre på</li></ul>



## Dette sa elevane

<b>Vurderinga stimulerer elevane til læring og utvikling</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis kjenner de læringsmåla?</li><li>-</li><li>• Korleis veit de kva som vert vurdert?</li><li>-</li><li>• Lærer de noko av dei vurderingane de får?</li><li>-</li><li>• Korleis vurderer de eige arbeid?</li><li>-</li><li>• Korleis får de tilbakemelding på det arbeidet de gjer?</li><li>-</li><li>• Korleis får de vita kva de skal gjera for å verta betre?</li><li>-</li></ul>
<b>Vurderinga skapar målretta dialog mellom heim og skule</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Fortel om elevsamtalen.</li><li>-</li><li>• Korleis kjenner foreldra/føresette måla og vurderingane dine</li><li>-</li></ul>
<b>Personalet har felles system og rutinar for vurdering</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Har de jamlege prøvar?</li><li>-</li><li>• Korleis jobbar de med resultatet av kartleggingsprøvane?</li><li>-</li><li>• Arbeider de med ulike læringsstrategiar?</li><li>-</li><li>• Sei noko om korleis de lærer best</li><li>-</li></ul>
<b>Skulen er ein lærande organisasjon</b>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Korleis er ein god lærar?</li><li>-</li><li>• Kva er bra med Skare skule?</li><li>-</li><li>• Kva kan skulen bli betre på?</li><li>-</li></ul>



## Dette sa lærarane

<b>Vurderinga stimulerer elevane til læring og utvikling</b>	<b>Korleis får elevane kjennskap til læringsmåla?</b> - <b>Veit elevane kva som er forventa av dei?</b> - <b>Korleis gjev de tilbakemelding til elevane om kva dei får til?</b> - <b>Korleis gjev de elevane framovermeldingar?</b> - <b>Korleis er elevane med på å vurdere eige arbeid?</b> - <b>Korleis blir vurdering brukt til å tilpasse undervisninga?</b>
<b>Vurderinga skapar målretta dialog mellom heim og skule</b>	<b>Korleis vert foreldra kjend med læringsmåla?</b> - <b>Veit foreldra kva som skal vurderast og korleis veit dei det?</b> - <b>På kva måte deltek foreldra i vurderinga?</b> -
<b>Personalet har felles system og rutinar for vurdering</b>	<b>Har skulen kartleggingssystem? Korleis vert dette brukt?</b> - <b>Har skulen system og rutinar for jamleg tilbakemelding til elevane. Korleis fungerer det i praksis?</b> - <b>Korleis vert elevane og foreldra informert om skulen sin vurderingspraksis?</b> - <b>Gjennomfører skulen jamleg elevsamtalar, fagsamtalar og utviklingssamtalar?</b> -
<b>Skulen er ein lærande organisasjon</b>	<b>Har skulen sett av tid til arbeid med vurdering?</b> - <b>Brukar skulen tid på kunnskapsdeling og metodedrøfting?</b> - <b>Korleis vurderer skulen verksemda si?</b> - <b>Korleis fungerer kommunikasjonen mellom leiinga og dei tilsette?</b> - <b>Er leiinga og tilsette god på å dele informasjon?</b>